



Stranda kommune

Næring og teknisk

Saksbehandlar: Inge Bjørdal

Melding om vedtak

Møre og Romsdal fylkeskommune
Fylkeshuset Postboks 2500
6404 MOLDE

Vår ref.:
2022000918- 2

Dykkar ref.:

Arkiv:
K2-U64

Dato:
20.09.2022

Forslag til ny nasjonal turistveg

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

19.09.2022 17:00 FORMANNSKAPET 090/22

Stranda kommune fremjar med dette forslag om at FV 655 gjennom Norangsdalen frå Haugen (i Stranda kommune) til Skylstad (i Ørsta kommune) får status som nasjonal turistveg.

Med vennleg helsing
Stranda kommune

Inge Bjørdal
Næringssjef

Dette brevet er godkjent elektronisk i Stranda kommune og har derfor ikkje signatur.

Kopi til:

Ørsta Kommune

Dalevegen 6

6153

Ørsta

Mottakar:

Møre og Romsdal
fylkeskommune

Fylkeshuset Postboks
2500

6404 MOLDE

STRANDA KOMMUNE

SAKSPAPIR

Saksbehandlar: Inge Bjørdal	Arkivsak: 22/907
	Journalpost: 1

Styre, råd, utval:	Møte dato:	Saknr.:
FORMANNSKAPET	19.09.2022	090/22

Forslag til ny nasjonal turistveg

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Stranda kommune fremjar med dette forslag om at FV 655 gjennom Norangsdalen frå Haugen (i Stranda kommune) til Skylstad (i Ørsta kommune) får status som nasjonal turistveg.

19.09.2022 FORMANNSKAPET

Møtebehandling

Vedtak samrøystes

FOR - 090/22 Vedtak

Stranda kommune fremjar med dette forslag om at FV 655 gjennom Norangsdalen frå Haugen (i Stranda kommune) til Skylstad (i Ørsta kommune) får status som nasjonal turistveg.

SAKSUTGREIING

Bakgrunn for saka

Møre og Romsdal fylkeskommune ber i brev av 17.08.2022. (ref.: 20/ 110989-6) om forslag på nye nasjonale turistvegar i Møre og Romsdal.

Saksopplysningar

I høyringsbrevet er det lista opp 8 ulike punkt dei vil legge til grunn for vurderinga. Innspelet frå Stranda kommune er bygd opp etter denne malen.

Vurdering

Viser til brev av 17.08.2022. dykkar ref.: 20/110989-6.

Vi fremjar med dette forslag om at FV 655 gjennom Nordangsdalen frå Haugen (i Stranda kommune) til Skylstad (i Ørsta kommune) får status som nasjonal turistveg.

Grunngjevinga er bygd opp i samsvar med kriteria spesifisert i vedlegget til nemnde brev.

1. Vegen skal gå gjennom landskap med unike naturkvalitetar

- Norangdalen har ei rekkje naturkvalitetar og opplevingsverdiar. m.a. høge blankskurte tindar i hjartet av Sunnmørsalpane. Av desse er Slogen det mest utprega og kjende.
- Norangsdalen er ein av Norges trongaste og villaste dalar
- Norangdalen er nyleg sett på lista over *Utvalde kulturlandskap i jordbruket*, sjå: <https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/jordbruk/miljo-og-klima/jordbrukets-kulturlandskap/utvalgte-kulturlandskap-i-jordbruket/dette-er-de-utvalgte-kulturlandskapene>
- Svært særprega seterhusmiljø ved Uravatnet
- Historisk viktig turistveg frå Hellesylt til Øye vide kjend fordi representantar for mange av kongehusa i Europa reiste gjennom dalen. Dronning Wilhelmina var der fleire gongar, det same gjeld Keisar Wilhelm og på 30-talet kom ein japansk prins, broren til den japanske keisaren forbi.

2. Sjølve køyreturen må vera ei god oppleving

Her er det ingen tvil om opplevingsverdien, anten du køyrer bil eller sykklar. Opplevinga omfattar landskapsverdiar, ein veg som snor seg fint gjennom terrenget med svak helling, glinsande fiskevatn, beitande dyr, fossefall, snøfonner, kvelvingsbruer m.m.

Det er fleire rasteplassar langs vegen, men desse kan gjerast mykje betre ved å byggje ut fasilitetane betre (WC, benkar, bord, landskapskikkertar m.m.).

Attraksjonar og særmerkte naturopplevingar:

- Lyngstøylvatnet (seter- og vegruinar i vatnet, svært populær tilhaldsstad for sportsdykkarar)
- GangeRolv-steinen ved Skylstad (minne etter ei rasulukke)
- Seterbuer ved Uravatnet (regionalt kulturminne???)
- Fragment av gamlevegen fleire stadar på strekninga som viser den historiske ruta gjennom dalen
- Kvelvingsbruer
- På folkemunne vert det sagt at men ein seier på folkemunne ein (ved Nobba) kan sjå profilane til personar frå kongehusa i Europa, m.a. Wilhelmina mot Hellesylt og Keisar Wilhelm mot Øye.

Det er /vil kome fleire hotellfacilitetar på strekninga.

- Union Hotel på Øye – nyleg gjennomgått stor fornying (ligg ikkje på strekninga men ved innfallsporten)
- Villa Norangdal (retro) – på Haugen. Tidlegare skysstasjon, no eit Boutique Hotell.
- Ljøen på Hellesylt – under planlegging (ligg ikkje på strekninga, men ved innfallsporten)
- Grand hotell – under restaurering (vil ikkje bli nytta som hotell men vil få serveringsfacilitetar). Ligg ikkje på strekninga, men ved innfallsporten.

3. Strekninga skal ikkje ha overordna transportfunksjon

Fv 655 har ingen overordna transportfunksjon lenger etter at Kvivsvegen vart etablert. Viktigaste funksjon er samband mellom Øye og Hellesylt for fastbuande om sommar og vinter (når den ikkje er stengd grunna snøras eller fare for snøras) og for turistar om sommaren.

Såleis er den blitt eit alternativ til transportåre mellom Ørsta og Stranda fordi dei aller fleste i dag nyttar Knivsvegen.

Som turistveg mellom dei to kommunane er den viktig i dag, men den var mykje meir sentral tidlegare fordi den har eit stort unytta / avgløymt potensial.

Framover vil vegen svært truleg få ein renessanse ettersom det no vert bygd nytt hotell på Hellesylt (Ljøen) og sidan hotellet på Øye (Hotel Union) har gjennomgått ei storstilt fornying og utbygging.

4. Området langs turistvegen bør ikkje vere sårbar for auka ferdsel

- Standarden på sjølve vegen og kva den toler av auka ferdsel er ei vurdering vegstyremaktene må gjere.
Når det gjeld toleevne for terrenget /området er denne etter vår oppfatning god. Terrenget er så bratt og utilgjengeleg langs store delar av strekninga at folk ikkje vil opphalde seg ute i terrenget med unntak av der det er /vert lagt til rette for dette (rasteplassar, utsiktspunkt).
- Toleevna for naturen (vegetasjon og førekomstar av sårbare artar) kjenner vi heller ikkje til i detalj.

5. Strekinga med status som Nasjonal turistveg bør ha avgrensa lengde

Innfallsportane til denne strekinga er Hellesylt og Ørsta/Bondalen/Sæbø/Øye.

Tidlegare vart denne strekinga svært mykje nytta som overlandtur for turistar som kom med turistskipa til Hellesylt.

Transporten på 30-talet vart i stor grad utført som hesteskyss og med bilar.

Lengda mellom Fivelstad og Skylstad er ifølgje vegboka til NAF 13,1 km

6. Langs vegen skal det vera element som aukar opplevinga

Det finst mange element som aukar opplevinga av turen langs denne ruta:

- Lite berørt natur
- Landskapselement
- Særmerkte bygg (stølsbygningar)
- Kulturhistoriske minne (ruinar etter bygningar og veg etter ras)

7. Den vegfarande bør få høve til aktive opplevingar

Av slike opplevingar kan nemnast:

- Dykking og utleige av kajakkar med gjennomiktig botn ved Lyngstøylvatnet
- Turar (sommar- og vinterutflukter til kjende fjelltoppar som t.d. Slogen)
- Klatreturar med utgangspunkt i endepunkta (Haugen og Øye).
Mange kjende turruter etter kjende fjellklatrarar som Jørgen Randers og William Cecil

Slingsby.

På Øye kan ein gå til Slogen eller lettare rundturar i lett terreng.

Frå Haugen kan ein gå på ski til «Blæja» eller overgangstur til Bjørke.

- Beitande dyr i frodig natur

8. Servicetilbodet skal ha mangfald og god kvalitet

- I dag er vert det satsa på tilbod i fleire retningar.
 - Sportsdykking
 - Sykkelutleige
 - Padling/kajakk
 - Guida turar
 - Hotellutbygging
- Følgjande etablissement driv med ein eller fleire av dei nemnde aktivitetane:
 - Fjord Nature (<https://www.fjordnature.com/>)
 - Uteguiden (<https://uteguiden.com/>)
 - Hjørundfjord Mountain Guide 8 (<https://hjørundfjordmountainguide.no/>)
 - Hotel Union Øye (<https://www.unionoye.no/no>)
- Oppussing av Grand Hotel på Hellesylt
- Nytt hotell på utsiktspunktet på Ljøen mellom Hellesylt og Stranda